



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato
17.02.2012
Dykkar dato
10.01.2012

Vår referanse
2012/541 731.2
Dykkar referanse
11/3891

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Høyringssvar - forslag om endringar i turnusforskrifta for fysioterapeutar

Fylkesmannen i Hordaland er samd i framlegg til endringar i forskrift om praktisk teneste (turnustjeneste) for å få autorisasjon som fysioterapeut. Det er nødvendig å få heimel for å opprette venteliste og bestemme maksimal ventetid på turnusplass for dei som blir sette på venteliste. Endringane løyser likevel ikkje det grunnleggjande problemet med manglande samsvar mellom tilgangen på turnusplassar og turnusfysioterapeutar. Vi meiner det er nødvendig å gjennomgå turnusordninga og kome fram til forsvarlege, føreseielege, framtidsretta løysningar.

I denne regionen har det lenge vore vanskeleg å skaffe nok turnusplassar, særleg i spesialisthelsetenesta. For å dekkje behovet har vi kvart år lånt plassar i Nord-Noreg, unntaksvis også på Austlandet. Funksjonsfordeling i spesialisthelsetenesta og overføring av fleire oppgåver til kommunane påverkar pasientgrunnlaget og kan innebere at enkelte av plassane som i dag er tilgjengelege i spesialisthelsetenesta, ikkje lengre blir godkjende.

Vi ser presiseringa frå departementet og er samde i at presset på å skaffe turnusplassar framleis skal vere høgt. Godkjende turnusplassar er hittil skaffa innan ramma av krav til forsvarleg verksemd. Dette prinsippet må også ligge til grunn for det vidare arbeidet.

Turnusfysioterapeutar, fysioterapeutkandidatar og dei som har utanlandsk godkjenning som fysioterapeut og ønskjer norsk autorisasjon, skal arbeide under fagleg rettleiing og tilsyn frå fysioterapeut med norsk autorisasjon. Det er lite ønskjeleg om arbeidsgjevarar i staden for å opprette turnusplass, tilbyr stilling til fysioterapeutkandidat eller fysioterapeut med utanlandsk godkjenning som treng praksis under rettleiing for å få norsk autorisasjon.

Innan det blir innført lisensordning for fysioterapeutkandidatar er det nødvendig å avklare nærmere kva vilkår som skal gjelde ved tilsetting, eventuelt om dei skal vere likestilte med fysioterapeutar med utdanning frå utlandet som sjølve finn seg praksisplassar for å kvalifisere seg til norsk autorisasjon. Dersom arbeidet fysioterapeutkandidat med lisens utfører ikkje blir godkjent som del av turnustjeneste, er det ønskjeleg at det kjem tydeleg fram i forskrifta.

Med helsing

Helga Arianson e.f.
fylkeslege

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi:

Fylkesmannen i Troms, postboks 6105, 9291 Tromsø

Fylkesmannen i Nord-Trøndelag, postboks 2600, 7734 Steinkjer

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, postboks 4710 Sluppen, 7468 Trondheim

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Fylkesmannen i Rogaland, postboks 59, 4001 Stavanger

Fylkesmannen i Oslo og Akershus, postboks 8111 Dep, 0032 Oslo

Helsedirektoratet, postboks 7000 St. Olavs plass, 0130 Oslo